

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 119/2002**

**av 27. september 2002**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og  
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 78/2002 av 25. juni 2002<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/738/EF av 17. oktober 2001 om godkjenning av den planen som Nederland har lagt fram, for overvaking av og kamp mot salmonella hjå fjørfe<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Vedtak 2000/60/EF og 2000/629/EF, som alt er tekne inn i avtala, bør flyttast til andre nummer i vedlegg I kapittel I del 7.2 i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I del 7.2 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 38 (kommisjonsvedtak 2000/60/EF) og nr. 39 (kommisjonsvedtak 2000/629/EF) under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” vert oppheva.
2. Etter nr. 4 (kommisjonsvedtak 96/502/EF) under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” skal nytt nr. 4a til 4c lyde:

---

<sup>(1)</sup> TEF L 266 av 3.10.2002, s. 22, og EØS-tillegget til TEF nr. 49 av 3.10.2002, s. 14.

<sup>(2)</sup> TEF L 277 av 20.10.2001, s. 27.

- “4a. **32000 D 0060**: Kommisjonsvedtak 2000/60/EF av 21. desember 1999 om godkjenning av planen framlagt av Østerrike med hensyn til overvåking og kontroll av salmonella i fjørfe (TEF L 22 av 27.1.2000, s. 61).
- 4b. **32000 D 0629**: Kommisjonsvedtak 2000/629/EF av 9. oktober 2000 om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram, for overvåking av og kamp mot salmonella hjå fjørfe (TEF L 265 av 19.10.2000, s. 29).
- 4c. **32001 D 0738**: Kommisjonsvedtak 2001/738/EF av 17. oktober 2001 om godkjenning av den planen som Nederland har lagt fram, for overvåking av og kamp mot salmonella hjå fjørfe (TEF L 277 av 20.10.2001 s. 27).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2001/738/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. september 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 27. september 2002.

*For EØS-komiteen*  
*Formann*

*Gunnar Snorri Gunnarsson*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.